



# Plan for skulestruktur 2023 - 2029

FITJAR KOMMUNE

MONE NILSEN



# 1 INNHALD

---

2	Innleiing .....	3
3	Føringar for planarbeidet.....	3
3.1	Nasjonale og internasjonale føringar .....	3
3.2	FNs barnekonvensjon .....	4
3.3	FNs berekraftsmål .....	5
3.4	Opplæringslova.....	6
3.5	Regionale føringar .....	7
3.6	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	7
3.7	Kommunen sin økonomiplan .....	7
3.8	Kommunebarometer for året 2022.....	7
3.9	Kart over skulestrukturen i Fitjar kommune .....	8
4	Målsettingar.....	9
4.1	Tema i planen .....	9
5	Skulefakta Fitjar kommune .....	10
5.1	Rimbareid skule .....	10
5.1.1	Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra.....	11
5.2	Øvrebygda skule .....	12
5.2.1	Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra.....	13
5.3	Selevik skule .....	14
5.3.1	Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra.....	15
5.4	Fitjar kulturskule.....	16
5.4.1	Elevtalsutvikling.....	17
5.5	Vaksenopplæring.....	18
5.6	Skulekapasitet .....	18
5.7	Kringsgrenser – nærskuleprinsippet .....	18
	• Øvrebygda – Rimbareid .....	19
5.8	Skulefritidsordning – SFO .....	19
5.9	Skulehelsetenesta.....	20
5.10	Skuleskyss .....	20
5.11	IKT i skulen – digitalisering .....	21
5.11.1	Opplæringsmål for elevane .....	21
5.11.2	Utstyrmål for skulane.....	21
5.12	Overgang barnehage – skule – vidaregåande skule .....	22
5.12.1	Overgang barnehage – skule .....	22



5.12.2	Overgang grunnskule – vidaregåande skule.....	22
5.13	Bibliotektenesta i Fitjar .....	23
6	Grunnskulen i Fitjar.....	25
6.1	Skulestruktur .....	25
6.2	Elevtal og klassetal skuleåret 2022/2023 .....	25
6.3	Miljøretta helsevern i skule.....	25
6.4	Universell utforming.....	26
7	Økonomi .....	26
7.1	Kostnadar klassar / elevar .....	26
7.2	Investeringar - i åra som kjem .....	27
7.3	Investering – Eventuell utbygging av Rimbareid skule dersom overføring av elevar frå grendaskulane. ....	27
7.3.1	Alternativ 1 .....	27
7.3.2	Alternativ 2 .....	27
7.4	Basseng.....	28
8	Prognosar for grunnskulane i Fitjar kommune.....	28
9	Skulestruktur i planperioden .....	29
9.1	Nedlegging av Øvrebygda skule – Overflytting til Rimbareid skule .....	29
9.2	Nedlegging av Selevik skule.....	31
9.2.1	Overflytting til Rimbareid skule.....	31
9.3	Nedlegging av Selevik skule og Øvrebygda skule .....	32
9.3.1	Overflytting til Rimbareid skule.....	32
9.3.2	Areal tilgjengeleg ved Rimbareid skule hausten 2022 .....	33
9.4	Sakshandsaming – nedlegging av skule.....	34
10	Vedlegg til planen.....	36

## 2 INNLEIING

---

Det er eit overordna mål å sikra høg kvalitet i skulen og effektiv bruk av ressursane innanfor dei rammene kommunen rår over. Plan for skulestruktur i Fitjar kommune gir opplysningar om rammer for skuledrifta, skulane sin plass som del av heilheita (samfunnsdelen i kommuneplanen) og ikkje minst at kvaliteten på skulebygga og uteområda har noko å seia for trivsel, motivasjon og læring. Også skulehelsetenesta, sfo ordningane, og skulebiblioteka har mykje å seia for elevane sin trivsel. Det same har nærleik og tryggleik til det bygdemiljøet ein kjem frå.

Dei ulike skulane vert presentert gjennom ulike faktasider der ein får opplysningar om fleire sider av skuledrifta. Her er det lagt inn tabellar som viser elevtalsutviklinga framover basert på oppdaterte tal frå folkeregisteret i februar 2023. Dei siste åra har fødselstala i snitt gått nedover, men det har vore ei positiv utvikling i 2022. I planen er det lagt til grunn ein elevauke på 5 elevar kvart år grunna tilflytting gjennom heile planperioden. Det vil då vera om lag 378 elevar i grunnskulen i 2028.

Det har gjennom mange år vore debatt kring skulestrukturen og ein har kome fram til at dersom ein i framtida kjem til å leggja ned ein skule så er det følgjande kriterium som bør greiast ut:

- Eit økonomisk perspektiv
- Kva er barnets beste?
- Kvalitet i tilbodet
- Folketalsutvikling
- Politiske prioriteringar

I planen er det til slutt lagt inn oversyn som viser kva ulike strukturelle endringar vil ha å seia for kommuneøkonomien.

## 3 FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

---

Både lovar, forskrifter og ulike rettleiingar frå nasjonale styresmakter gir føringar på innhaldet i ein slik plan. Under følgjer dei føringar som er mest aktuelle for skulebruksplanen. Det er lenka til dei fullverdige tekstane, medan det er synt til noko særskilt viktig tekst.

### 3.1 NASJONALE OG INTERNASJONALE FØRINGAR

- [Opplæringslova](#)
- [Forskrift til opplæringslova](#)
- [Læreplanverket Kunnskapsløftet](#)
- [FNs Barnekonvensjon](#)
- [Barnelova](#)
- [Likestillings- og diskrimineringslova](#)
- [Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular](#)
- [Arbeidsmiljølova](#)
- [Internkontrollforskrifta](#)
- [Folkebibliotekloven](#)
- [Kulturskuleloven \(§ 13-6 i Opplæringslova\)](#)

### 3.2 FNs BARNEKONVENSJON

Barnekonvensjonen er teken inn i norsk rett ved lov om menneskerettar av 2003. Konvensjonen forpliktar kommunen til å vektleggja barn sitt beste, mellom anna i saker om skulestruktur.

I artikkel 3 nr 1 i konvensjonen heiter det:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, eller administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Dette inneber at det i vurdering av skulestrukturen må vurderast kva som er best for barna, og omsynet til barna må takast med i vurderinga av alternativ.



Foto: Rimbareid skule

### 3.3 FNs BEREKRAFTSMÅL

FNs berekraftsmål er sentral i all kommunal planlegging. For kvalitetsplanen for skule vil det vere desse måla som er styrande for arbeidet:



**God helse og livskvalitet** er viktig for barns læring og utvikling. Dette er sentrale tema i overordna del for skulen, rammeplan for SFO og i dei nasjonale føringane, dømme st.mld. 6.



**God utdanning** vil gje gode utviklingsmoglegheiter for alle barn og unge i val av utdanning og arbeid.



**Likestilling mellom kjønn** skal komme fram i det inkluderande fellesskapet som alle barn og unge skal oppleve på skulen og i SFO.



**Mindre ulikskap** skal synast i korleis elevane sin kvardag er på skulen og på SFO. Elevane skal oppleve å ha dei same moglegheitane for læring og utvikling.

#### FNs BÆREKRAFTSMÅL



Elles er 3 hovudprinsipp styrande for planlegginga:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre-var» prinsippet til grunn

Dette inneber mellom anna at me skal vera med på overgangen til lågutsleppssamfunnet og ein sirkulær økonomi. Innbyggjarane skal bli inkluderte. Me skal fremja likestilling, førebyggja negative, sosiale forskjellar og alle skal oppleva tryggleik og trivsel. Innovasjon og nyskaping skal bli fremja i både offentleg og privat sektor.

Helsefremjing i all planlegging inneber at materielle og sosiale kvalitetar har positiv påverknad på helse. Folkehelselova ligg til grunn. Kommunen er i gong med miljøfyrtårnsertifisering av alle skulane.

### 3.4 OPPLÆRINGSLOVA

Opplæringslova er eit sentralt dokument ved utarbeiding av ein slik plan.

Sentrale føringar vil vera:

- Elevane sitt arbeidsmiljø (§ 9.a)
- Formålet med opplæringa
- Organisering av elevar i klassar/grupper
- Skulestorleik
- SFO/leksehjelp
- Fysisk aktivitet (forskrift)
- Medverknad
- Integrasjon og inkludering
- Nærskuleprinsippet
- Skyss
- Skulebibliotek, inventar, utstyr og læremiddel
- Skulemiljø
- Uteområde



Kompani Lauritsen. Foto: Rimbareid skule

### 3.5 REGIONALE FØRINGAR

- [Regional planstrategi 2020-2024](#)
- [Regional kulturplan 2019-2027](#)
- [Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017-2030](#)

### 3.6 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Fitjar kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen har følgjande fokusområde for barn og unge:

- Sikre barn og unge kompetanse for framtida
- Nytte barn og unge sine eigne ressursar gjennom medverknad
- Gje barn og unge oppleving av fellesskap og å høyre til
- Arbeide systematisk for å gje alle like moglegheiter
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats og sikre gode helsetilbod som er retta direkte mot barn og unge

s. 8 Kommuneplanen sin samfunnsdel

### 3.7 KOMMUNEN SIN ØKONOMIPLAN

- Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden. For skuleåret 2022/2023 er andelen av spesialundervisning på 6,8 %.
- Auka læringsutbyte. Heva verdiane slik at verdiane ligg minimum på nasjonalt nivå målt på nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn. Vert skriven inn i økonomiplan 2023 – 2026.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
- “Fitjar for alle”. Sikra sosial utjamning for barn og unge

### 3.8 KOMMUNEBAROMETER FOR ÅRET 2022


Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her er kommunane rangert etter nøkkeltal og sektorar.

Grunnskulen i Fitjar kommune kom på 81.plass (av 356 kommunar) på Kommunebarometeret for 2022.



### 3.9 KART OVER SKULESTRUKTUREN I FITJAR KOMMUNE

Krinsane Osterneset og Strando tilhører Rimbareid skulekrins.



Fysisk aktiv læring. Foto: Selevik skule

## 4 MÅLSETTINGAR

Det er eit overordna mål å sikra høg kvalitet i skulen og effektiv bruk av ressursane innanfor dei rammene kommunen rår over. Målet med planarbeidet er vidare å komme fram til ein struktur for skule som er tilpassa endra føresetnader og som er eit godt grunnlag for langsiktig planlegging, og som er tilpassa føringar i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplanen.

Skuleanlegga i Fitjar skal vere tilpassa skuledrift i tråd med sentrale og lokale retningslinjer og planer. Dei skal tilpassast slik at dei også skal vere tenlege for innbyggjarane i dei ulike krinsane. Og dei skal utformast slik at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytte skulen sine lokaler. Skulen sine lokale skal også inkludera andre kommunale tenester der det er aktuelt, til dømes skulehelsetenesta.

Planen skal elles medverka til:

- Sikra at skuleareala er godkjent etter gjeldande lov- og regelverk
- Sikra ein stabil skulestruktur
- Sikra akseptabel reisetid i samband med skuleskyss
- Sikra likeverdig og godt skuletilbod for alle elevar
- Sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- Sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- Sikra nok skuleareal inne og ute

### 4.1 TEMA I PLANEN

- Faktainformasjon om kvar skule, kapasitet og standard m.m.
- Skulane sitt fysiske miljø
- Skulestorleik og økonomi
- Investeringsoversikt/handlingsplan
- Konsekvensar for drift og vedlikehald
- Elevantvikling med dagens struktur/opptaksområde
- Kringsgrenser og nærskuleprinsippet
- Skulehelseteneste
- Skuleveg og skuleskyss/trafikktryggleik
- Skulefritidsordning - SFO



Grand Prix. Foto: Øvrebygda skule

## 5 SKULEFAKTA FITJAR KOMMUNE

Fitjar kommune har 3 skular, to grendaskular, Selevik og Øvrebygda, med elevar frå 1.-7.trinn og ein storskule, Rimbareid, med elevar frå 1.-10.trinn. Elevar frå grendaskulane byrjar på Rimbareid skule på ungdomsskulen slik skulestrukturen er per i dag.

### 5.1 RIMBAREID SKULE

Skulefakta	Informasjon										
Standard	<p>Rimbareid skule blei i 2014 ferdigstilla etter ombygging. Dei fekk ei ny fløy med nye klasserom, kantine, læringscenter, amfi, spesialrom for naturfag / mat og helse, og nytt personalrom.</p> <p>Ein ser at bygningsmassen framleis er i god stand, men at den gamle gymsalen treng oppgradering.</p> <p>Ungdomsskulen feira hausten 2017 50 år.</p>										
Kapasitet	Skulen har kapasitet til å ta imot inntil 20 klassar av ulik storleik. Det kan bli ei utfordring dersom klassane blir for store. Med dei fødselstala ein ser i dag og framtidsprognosar på 5 tilflytta elevar pr år, vil det ved ei eventuell nedlegging av grendaskular vera behov for ei utbygging av skulen.										
Tal tilsette	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Tilsette/ressurs</th> <th>Rimbareid</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Tal lærarårsverk</td> <td>3920%</td> </tr> <tr> <td>Av dette administrasjon</td> <td>270 %</td> </tr> <tr> <td>Merkantil ressurs</td> <td>75 %</td> </tr> <tr> <td>Assistentar og leiar SFO</td> <td>775,6 %</td> </tr> </tbody> </table>	Tilsette/ressurs	Rimbareid	Tal lærarårsverk	3920%	Av dette administrasjon	270 %	Merkantil ressurs	75 %	Assistentar og leiar SFO	775,6 %
Tilsette/ressurs	Rimbareid										
Tal lærarårsverk	3920%										
Av dette administrasjon	270 %										
Merkantil ressurs	75 %										
Assistentar og leiar SFO	775,6 %										
Økonomi	<p>Budsjettmessig utvikling i perioden 2021 – 2023 (totalbudsjett, minus bygg og skyss)</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Skule</th> <th>2021</th> <th>2022</th> <th>2023 budsjett</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Rimbareid</td> <td>37,3 mill.</td> <td>38,4 mill.</td> <td>27,9 mill.</td> </tr> </tbody> </table> <p>Kostnad per elev:</p> <p>Tek då utgangspunkt i budsjett for 2022: Rimbareid skule: Samla kostnad 38,422 mill.: 346 elevar kr. 111 000,-</p>	Skule	2021	2022	2023 budsjett	Rimbareid	37,3 mill.	38,4 mill.	27,9 mill.		
Skule	2021	2022	2023 budsjett								
Rimbareid	37,3 mill.	38,4 mill.	27,9 mill.								
Universell utforming	Rimbareid skule har universell utforming. Det er heis på skulen slik at rørslehemma kan koma seg opp og ned mellom etasjane. Det er også løftebord på dei ulike spesialromma slik som t.d. naturfag og mat og helse.										

### 5.1.1 Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra

Utviklinga syner at elevtalet vil gå nedover i heile planperioden. Lite dei første åra, meir etter kvart. Tal for deling av klassane på nokon av trinna vil liggje i eit grenseland.

Nedanfor ser ein tal elevar med tal klassar for planperioden.

Trinn	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	38	2	20	1	20	1	26	2	15	1	29	2
2.trinn	25	1	38	2	20	1	20	1	26	2	15	1
3.trinn	38	2	25	1	38	2	20	1	20	1	26	2
4.trinn	29	2	38	2	25	1	38	2	20	1	20	1
5.trinn	27	1	29	2	38	2	25	1	38	2	20	1
6.trinn	33	2	27	1	29	2	38	2	25	1	38	1
7.trinn	33	1	33	2	27	1	29	2	38	2	25	1
8.trinn	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2	46	2
9.trinn	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2
10.trinn	37	2	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2
<b>Totalt</b>	<b>351</b>	<b>18</b>	<b>349</b>	<b>17</b>	<b>335</b>	<b>16</b>	<b>320</b>	<b>17</b>	<b>295</b>	<b>16</b>	<b>291</b>	<b>16</b>



Rimbareid skule. Foto: Aina Kristin Haaland

**5.2 ØVREBYGDA SKULE**

Skulefakta	Informasjon																								
Standard	Øvrebygda skule har ein god bygningsmasse. Undervisningsromma har bra kvalitet. Arbeidsrommet for tilsette er for lite og må oppgraderast. Den eldste delen manglar ventilasjon. Det vil bli installert nytt ventilasjonsanlegg i administrasjon og arbeidsrom for tilsette. Den eldste bygningen er frå 1939 og vart renoverert i 1984. Bygget er såleis over 35 år etter sist renovering og treng oppussing/renovering dei næraste åra.																								
Kapasitet	Skulen har god kapasitet til å ta imot dei borna som soknar til skulen dei komande åra. Skulen har plass til å ta imot fleire elevar enn ein har i dag.																								
Tal tilsette	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Tilsette/ressurs</th> <th>Øvrebygda</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Tal lærarårsverk</td> <td>670 %</td> </tr> <tr> <td>Av dette administrasjon</td> <td>62 %</td> </tr> <tr> <td>Merkantil ressurs</td> <td>12 %</td> </tr> <tr> <td>Assistentar og leiar SFO</td> <td>154,2 %</td> </tr> </tbody> </table>	Tilsette/ressurs	Øvrebygda	Tal lærarårsverk	670 %	Av dette administrasjon	62 %	Merkantil ressurs	12 %	Assistentar og leiar SFO	154,2 %														
Tilsette/ressurs	Øvrebygda																								
Tal lærarårsverk	670 %																								
Av dette administrasjon	62 %																								
Merkantil ressurs	12 %																								
Assistentar og leiar SFO	154,2 %																								
Økonomi	<p>Budsjettmessig utvikling i perioden 2021 – 2023 (totalbudsjett, minus bygg og skyss)</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Skule</th> <th>2021</th> <th>2022</th> <th>2023 budsjett</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Øvrebygda</td> <td>6,2 mill.</td> <td>6,9 mill.</td> <td>6,9 mill.</td> </tr> </tbody> </table> <p>Kostnad per elev: Tek då utgangspunkt i budsjett for 2022: Øvrebygda skule: Samla kostnad 6,925mill.: 51 elevar kr. 135 000,-.</p> <p><b>Vedlikehaldsutgifter</b></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Øvrebygda</th> <th>Sum</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Reinhald</td> <td>456 000</td> </tr> <tr> <td>Kommunale avgifter</td> <td>17 000</td> </tr> <tr> <td>Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.</td> <td>90 000</td> </tr> <tr> <td>Forsikring</td> <td>17 000</td> </tr> <tr> <td>Straum</td> <td>150 000</td> </tr> <tr> <td><b>Totalt</b></td> <td><b>730 000</b></td> </tr> </tbody> </table>			Skule	2021	2022	2023 budsjett	Øvrebygda	6,2 mill.	6,9 mill.	6,9 mill.	Øvrebygda	Sum	Reinhald	456 000	Kommunale avgifter	17 000	Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.	90 000	Forsikring	17 000	Straum	150 000	<b>Totalt</b>	<b>730 000</b>
Skule	2021	2022	2023 budsjett																						
Øvrebygda	6,2 mill.	6,9 mill.	6,9 mill.																						
Øvrebygda	Sum																								
Reinhald	456 000																								
Kommunale avgifter	17 000																								
Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.	90 000																								
Forsikring	17 000																								
Straum	150 000																								
<b>Totalt</b>	<b>730 000</b>																								
Universell utforming	Delar av bygget har universell utforming. Den gamle delen går over fleire etasjar og her har ikkje rullestolbrukarar moglegheit til å koma seg fram.																								

### 5.2.1 Elevantvikling og klassar dei kommande åra

Øvrebygda skule er ein fådelt skule med 4 klassar, fordelt på 1. – 2., 3. – 4., 5. – 6. og 7.klasse. Elevantviklinga for skulen dei neste åra vil liggja kring 40 elevar i heile planperioden.

Nedanfor ser ein tal elevar med tal klassar for planperioden.

	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
Trinn	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	4	1	3	1	7	1	8	1	2	1	7	1
2.trinn	6		4		3		7		8		2	
3.trinn	7	1	6	1	4	1	3	1	7	1	8	1
4.trinn	6		7		6		4		3		7	
5.trinn	6	1	6	1	7	1	6	1	4	1	3	1
6.trinn	6		6		6		7		6		4	
7.trinn	8	1	6	1	6	1	6	1	7	1	6	1
<b>Totalt</b>	<b>43</b>	<b>4</b>	<b>38</b>	<b>4</b>	<b>39</b>	<b>4</b>	<b>41</b>	<b>4</b>	<b>37</b>	<b>4</b>	<b>37</b>	<b>4</b>



Øvrebygda skule. Foto: Fitjar kommune si heimesida

### 5.3 SELEVIK SKULE

Skulefakta	Informasjon			
Standard	Sælevik skule har ein god bygningsmasse. Undervisningsromma har god kvalitet. Skulekjøkkenet blei oppgradert i 2017.			
Kapasitet	Skulen har god kapasitet til å ta imot dei borna som soknar til skulen dei komande åra. Skulen har plass til å ta imot fleire elevar enn dei har i dag.			
Tal tilsette	<b>Tilsette/ressurs</b>	<b>Selevik</b>		
	Tal lærarårsverk	540 %		
	Av dette administrasjon	48 %		
	Merkantil ressurs	0 %		
	Assistentar og leiar SFO	105,5 %		
Økonomi	Budsjettmessig utvikling i perioden 2021 – 2023 (totalbudsjett, minus bygg og skyss)			
	Skule	2021	2022	2023 budsjett
	Selevik	4,6 mill.	4,9 mill.	4.9 mill.
	Kostnad per elev:			
	Tek då utgangspunkt i budsjett for 2022:			
	Selevik skule: Samla kostnad 4,954 mill.: 20 elevar kr. 247 000,-.			
	<b>Vedlikehaldsutgifter</b>			
	<b>Selevik</b>	<b>Sum</b>		
	Reinhald	217 800		
	Kommunale avgifter	17 000		
Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.	30 000			
Forsikring	5 500			
Straum	75 000			
	<b>Totalt</b>	<b>345 300</b>		
Universell utforming	Delar av bygget har universell utforming. Det gamle bygget går over fleire etasjar og her har ikkje rullestolbrukarar mogelegheit for å koma seg fram. Nybygget har universell utforming, men ikkje toalett. Det er vanskeleg å koma inn i gamlebygget for rullestolbrukarar, men der er eit handicaptoalett.			

### 5.3.1 Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra

Elevtalsutviklinga ved Selevik skule held seg stabilt kring 20 +/- tal elevar dei kommande åra. Dei 3 klassane er fordelt på ein slik måte 1. – 2., 3. – 4., og 5. – 7.klasse. Ein ser at det gjerne er eit stort fagleg sprik for 5.-7.klasse, men ein har ikkje grunnlag for ei anna deling slik elevtalet er i perioden.

Nedanfor ser ein tal elevar og tal klassar for planperioden.

Trinn	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	5	1	0	1	5	1	3	1	2	1	2	1
2.trinn	3		5		0		5		3		2	
3.trinn	1	1	3	1	5	1	0	1	5	1	3	1
4.trinn	2		1		3		5		0		5	
5.trinn	2	1	2	1	1	1	3	1	5	1	0	1
6.trinn	2		2		2		1		3		5	
7.trinn	7		2		2		2		1		3	
<b>Totalt</b>	<b>22</b>	<b>3</b>	<b>15</b>	<b>3</b>	<b>18</b>	<b>3</b>	<b>19</b>	<b>3</b>	<b>19</b>	<b>3</b>	<b>20</b>	<b>3</b>



Selevik skule. Foto: Selevik skule si heimesida



## 5.4 FITJAR KULTURSKULE

### Opplæringslova og rammeplan


Opplæringslova seier i § 13-6. *Musikk- og kulturskoletilbod:*

*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge.*

Skulefakta	Informasjon								
<b>Standard</b>	Fitjar kulturskule har lokasjonar noko spreidd i Fitjar sentrum. Administrasjonen held til på Rådhuset, Visuelle kunstfag og song - og instrumentalundervisning er lagt til lokalar på Rimbareid barne og ungdomsskule. Undervisning i dans, drama/teater og Fitjar skulekorps er lagt til Fitjar kultur og idrettsbygg (FKIB). Dei fleste lokala er greitt egna til formålet, men me saknar den samlande effekten ei samordna lokalisering ville hatt. Ein del av lokala manglar og naudsynt lyddemping. I tillegg er det press på romma på skulen, då kulturskulen og skulen deler på lokalitetane. Har bydd på utfordringar ved fleire høve.								
<b>Kapasitet</b>	Om lag 25% av alle grunnskuleelevar i Fitjar kommune er elevar i Fitjar kulturskule. Nasjonal målsetting er 30% dekningsgrad. Kulturskulen har ein del ledige elevplassar, og me slit truleg med seinverknadar av pandemien. Rekrutteringa er ikkje like god som den var før. Det vil vera viktig for oss å komme nærmare nasjonal målsetjing dei nærmaste åra, og initierer difor samarbeid med SFO inneverande skuleår.								
<b>Tal tilsette</b>	Tal årsverk 261 %. Av dette er 40 % administrasjonsressurs								
<b>Økonomi</b>	<table border="1"><thead><tr><th>Skule</th><th>2021</th><th>2022</th><th>Budsjett 2023</th></tr></thead><tbody><tr><td>Kulturskule</td><td>1,6 mill.</td><td>1,6 mill.</td><td>1,7 mill.</td></tr></tbody></table>	Skule	2021	2022	Budsjett 2023	Kulturskule	1,6 mill.	1,6 mill.	1,7 mill.
Skule	2021	2022	Budsjett 2023						
Kulturskule	1,6 mill.	1,6 mill.	1,7 mill.						
<b>Tilbod</b>	Kulturskulen tilbyr undervisning i band-samspel, dans, drama/teater, el-bass, fiolin, gitar, piano, song, slagverk, visuelle kunstfag, samt all opplæring til Fitjar skulekorps.								

### 5.4.1 Elevtalsutvikling

Me har diverre hatt ei negativ utvikling i elevtal dei siste åra. Ein del av det skuldast nok pandemien, men det kan og vera litt «i tida». Gode og stabile elevtal kan me truleg aldri vera trygge på å ha, men me må syte for å nå ut til heimane, så flest mogleg får ta del i det me meiner er eit særst godt og



verdfullt tilbod.

Siste GSI innsamling syner eit elevtal på 101, og 125 elevplassar. Av elevane i kulturskulen er om lag 33 % gutar.

#### Elevbetaling

Elevavgifta er pr. 01.01.2023 kr 1 684 pr. semester. Det er søsken/plassmoderasjon på 30%. Fitjar kulturskule ligg omtrent i midten når me samanliknar oss med nabokommunane våre.

#### Konsertar, framsyningar og utstillingar

Kulturskulen ser på konsertar, framsyningar og utstillingar som ein del av undervisinga og legg til rette for at alle elevar skal få delta i slike produksjonar.

#### Tenesteomtale

Kulturskulen har utarbeida ein tenestomtale der visjonen er «Fitjar kulturskule skal vera ein kulturell ressurs for alle i Fitjar kommune».

#### Opplæringslova og rammeplan

Opplæringslova seier **i § 13-6. Musikk- og kulturskoletilbod:**

*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge.* Norsk kulturskuleråd har utarbeidd rammeplan for kulturskulen, og Fitjar kulturskule er plikta til å arbeide ut frå denne.

#### Utviklingsplan

Fitjar kulturskule arbeider ut i frå vedteken «Utviklingsplan for Fitjar kulturskule «Kulturskule for alle». Det skal utarbeidast ny utviklingsplan for dei komande åra. Dette arbeidet vil gå føre seg i 2023

Kulturskulen har som tidlegare nemnt hatt ei noko negativ utvikling med tanke på elevtal dei siste åra. Me driv likevel godt, og har flotte produksjonar gjennom året. Det fagleg tilbodet er bra, og me har ein kompetent lærarstab som kvar veke gjer sitt beste for at elevane våre skal få det beste

tilbodet me kan gje dei. Me ynskjer å nå ut til fleire/alle, og vil arbeide for å få fylt opp dei plassane me har tilgjengeleg. Målsetjing er 30% av elevmassen slik kulturskulerådet har sett som nasjonal målsetjing.

## 5.5 VAKSENOPPLÆRING

Fitjar kommune kjøper tenester hos Stord kommune i høve norsk- og samfunnsfagopplæring for framandspråklege.

## 5.6 SKULEKAPASITET

Det er god kapasitet ved dei fådelte skulane Selevik og Øvrebygda som har kapasitet til ein elevauke. Rimbareid har kapasitet til ein elevauke i enkelte klasserom, medan andre klasserom vil kunna bli for små. Slik prognosane ser ut no vil Rimbareid skule kunna ta imot alle elevane frå grendaskulane frå skuleåret 2027 – 2028 dersom ein utvidar romkapasiteten med 2 klasserom med tilhøyrande grupperom og garderober (talet på elevar i fitjarskulen går betydeleg ned dei komande åra.) Dersom ein vurderer å slå saman skulane tidlegare må ein vurderer om det er behov for 4 klasserom med tilhøyrande grupperom og garderober. Utbygging av klasseromma vil gje ledig romkapasitet andre stadar for møterom og eventuelt fleire arbeidsplassar for dei tilsette.

## 5.7 KRINSGRENSER – NÆRSKULEPRINSIPPET

Opplæringslova § 8-1- lyder:

*«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gje forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.»*

Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

*«To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*

- a. opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda*
- b. soknar til*
- c. det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
- d. varigheita på avtalen*
- e. reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- f. anna som etter lov krev avtale.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

*Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.»*

Fitjar kommune hadde tidlegare kringsgrenser. Kringsgrensene vart oppheva i juli 1997 jf. kommunestyresak K 67/96.

Kva som ligg i nærskuleprinsippet vert utdjupa i merknadar i Ot. prop nr 46:

«Vurdering av kva for skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plassert på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg.»

For dei 3 skulane i kommunen er det ryddige forhold i høve til kva for ein skule ein soknar til:

- **Selevik**  
Geografiske tilhøve som grenselina mot Stord kommune i sør og enden på vegen mot Westerheim i nord legg ramma for det området som soknar til Selevik skule.
- **Øvrebygda – Rimbareid**  
Her kan det vera meir rom for tolkingar, men lang historie og praksis syner at elevane frå Aarbø og Helland nord har Øvrebygda skule som sin nærskule, medan elevane frå Tveita og Synningjo går til Rimbareid skule.

Fitjar kommune kan gjera endringar i denne strukturen (nærmiljøprinsippet) ved å laga lokale forskrifter som skisserer andre kringsgrenser. Fitjar kommune har ikkje fritt skuleval, men ein føler skulekringsgrensene.

## 5.8 SKULEFRITIDSORDNING – SFO

Dette er eit tilbod til alle elevar på 1. til 4 trinn og for elevar med spesielle behov også på 5. til 7. trinn. SFO-tilbodet blir gitt før og etter skuletid og har ei opningstid på inntil 9,5 timar inklusiv skuletida.

Frå hausten 2022 har 1.klassingane rett på 12t gratis SFO plass. Frå hausten 2023 gjeld dette også for 2. klasse.

Skulane har følgjande opningstider:

- Rimbareid: 06.45 – 08.30. Ettermiddag 13.10 – 16.15
- Øvrebygda: 07.00 – 08.30. Ettermiddag 13.30 -16.00. Fredag 12.30 – 16.00
- Selevik: 07.00 – 08.15. Ettermiddag 13.40 – 16.00 måndag og onsdag. 13.00 – 16.00 tysdag, torsdag og fredag

SFO –tilbodet er regulert i opplæringslova, men er ikkje ein del av opplæringstilbodet.

Det er ca. 91 elevar som har eit slikt tilbod skuleåret 2022/2023. Dette utgjer ca. 61,2% av elevane på 1. til 4.trinn (147 elevar). Dei fleste går på 1. trinn og det er færrest elevar frå 4. trinn. Det er få som har full plass (10), ca. 6,8 %.

- Selevik: 75 % nyttar SFO
- Øvrebygda: 52 % nyttar SFO
- Rimbareid: 61,4 % nyttar SFO

Skulane i Fitjar kommune vart bygde før SFO vart lovfesta og ikkje alle skulane har godt eigna SFO lokale. Rimbareid skule har eige SFO bygg, medan Selevik og Øvrebygda har klasseromma.

## 5.9 SKULEHELSETENESTA

Det er etablert skulehelseteneste ved alle skulane, men med stor variasjon i graden av tilrettelegging. Alle barn i Fitjar har rett til eit likt tilbod. Det er viktig at skulehelsetenesta har eigne kontor/lokale som alltid er tilgjengelege og som dei kan forma som dei vil, og at dei ikkje må dela lokale med skuletilsette. Lokala bør liggja litt skjerma, slik at det er lett for elevane å oppsøkje skulehelsetenesta ved behov, utan at det blir så synleg.

På Rimbareid skule har dei eigne rom, på Selevik og Øvrebygda deler ein rom med andre tenester og tilsette på skulane. Men det vert sett av tid slik at skulehelsetenesta har prioritet på bruk av romma når dei har tid på Selevik og Øvrebygda. Romtilhøva for skulehelsetenesta ved grendaskulane er ikkje gode nok. Her må noko gjerast dei komande åra.

## 5.10 SKULESKYSS

Desse elevane kan få innvilga skuleskyss:

- 1. klassingar som bur minst 2 km frå skulen (fylkeskommunalt vedtak)
- 2.-10. klassingar som bur minst 4 km frå skulen (fylkeskommunalt vedtak)
- Vidare legg lovverket til grunn at dersom det ligg føre særleg farleg skuleveg vert det gjeve høve til å fråvika skyssgrensene for elevane. Dette skjer etter ei vurdering av kvart einskild tilfelle for den enkelte elev. Etatsjef / Vestland fylkeskommune er avgjerdsmynde

Her vil ein vurdera kvart einskild tilfelle ut frå:

- Trygg trafikk: Rettleiar: særleg farleg eller vanskeleg skuleveg
- Rundskriv Udir -2-2019
- Trafikktryggingssplan for Fitjar kommune 2021-2031
- Opplysningar frå Statens vegvesen
- Synfaring på staden

Elevar med varig eller midlertidig funksjonshemning/sjukdom kan ha rett på skyss mellom skule og heim uavhengig av reiselengde (fylkeskommunalt vedtak)

## 5.11 IKT I SKULEN – DIGITALISERING

Fitjar kommune sin plan for digitalisering har følgjande mål for skulesektoren:

*Frå 01.01.19 startar ein opp pilotering av Chromebook i ei elevgruppe ved kvar av skulane. Målet er å få erfaring med pedagogisk IKT-arbeid og førebu ei digitalisering i heile skulen med oppstart i august 2020. Ei slik digitalisering vil endra lærarrolla og gi fleire moglegheiter for tilpassa opplæring. Me ynskjer også ein overgang til Office 365 for alle tilsette i grunnskulen slik at me kan fasa ut kostnadane med Itslearning frå 2021. Med ei betre tilpassa opplæring og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning frå dagens 9 % til 7 % i planperioden.*

Plan for digitalisering s. 5

### 5.11.1 Opplæringsmål for elevane

- Elevane i fitjarskulen skal gjennom det tiårige skuleløpet og gjennom arbeid i alle fag utvikla grunnleggjande dugleik i digital kompetanse, slik at dei vert i stand til å utnytta digitale verkøy i læringsarbeidet.

### 5.11.2 Utstyrsmål for skulane

- Skulane sin IKT-infrastruktur fungerer stabilt og vert styrt sentralt.
- Skulane skal ha nok og velfungerande digitalt utstyr.

IKT planen er nettbasert og ligg til ein kvar tid i oppdatert versjon på Fitjar kommune si heimesida.

[Plan for digitalisering](#)



Programmering  
SuperBit.

Foto: Øvrebygda  
skule

## 5.12 OVERGANG BARNEHAGE – SKULE – VIDAREGÅANDE SKULE

### 5.12.1 Overgang barnehage – skule

Barnehagane og skulane i Fitjar har god overgangskultur som er omtala i Fitjar kommune sin plan [«Frå eldst til yngst»](#). Planen er under revisjon og skal vere ferdig revidert til våren 2023.

Det er overgangsmøte kvar vår mellom barnehagane og skulane for å sikre kvart barn ein god overgang frå barnehage til skulen.



Foto: Rimbareid skule

### 5.12.2 Overgang grunnskule – vidaregåande skule

Rimbareid skule er den einaste skulen med ungdomsskule elevar, og difor den skulen som har eit samarbeid med Fitjar og Stord vidaregåande skule. Ein har ein plan for førebuing til vidaregåande som elevane følj frå 8.trinn til og med 10.trinn. Ein har ulike tilbod til dei ulike trinna:

#### 8. trinn

Elevane har ein «jobbskyggedag», der dei følj ein vaksen sin arbeidsdag og observerer kva arbeidet går ut på. I tillegg skal dei skaffa seg informasjon, om kva utdanning personen har for å kvalifisera seg til denne jobben. Deling av erfaringar og informasjon i klassen etterpå.

#### 9. trinn

- Faget «utdanningsval» timeplanfesta kvar veke. Faget er delt i tre:
  - «Personlege val»
  - «utdanning og yrke»
  - «arbeid»

Her kjem og kunnskap om lokalt næringsliv inn. Viser elles til læreplanen.

- Rådgjevar / elevinspektør ved Fitjar vg og Stord vg kjem og informerer om sine tilbod.
- Elevane hospiterer ein dag i vidaregåande skule. Dei søkjer hospitering elektronisk på nettet, og må setja opp tre alternativ dei kan tenkja seg. Dette er ei fin førebuing til den eigentlege søknadsprosessen i 10. kl.
- Ei veke med yrkespraksis før sommaren.

#### 10. trinn

- Rådgjevar informerer om tilboda i vidaregåande på foreldremøte, og oppmodar føresette til å ta kontakt om det er noko dei ynskjer å diskutera.
- Faget «utdanningsval» timeplanfesta kvar veke.
- Alle elevar får tilbod om interessedetest og karrieresamtale hos rådgjevar.
- Elevane vel eit nytt programområde, som dei hospiterer på ein dag i vg skule.
- Ei veke med yrkespraksis før jul.
- Klassen besøker Rotary si utdanningsmesse på Stord i skuletida, i tillegg inviterer Fitjar Næringsråd elevar og føresette til ei lokal messe annakvart år (elevane får då med seg den lokale messa anten i 9. eller 10. klasse)på kveldstid.

- Som regel besøkjer ein og skuleskipet Gann, for å sjå ein anna type vidaregåande skule og få informasjon om maritime næringar.
- Før søknadsfristen går ut, får alle elevar tilbod om ny time hos rådgjevar og praktisk hjelp til å søkja.
- Det vert avhalde overføringsmøte mellom rådgjevarane på ungdomskulane og dei vidaregåande skulane på Stord og Fitjar.
- For elevar med særskilte behov, organiserer rådgjevar eigne møter mellom grunnskule, vidaregåande skule og føresette. Føresette får omvising og orientering om tilboda i vidaregåande og dei elevane som ynskjer/ treng det, får og ekstra dagar med hospitering.

### 5.13 BIBLIOTEKTEBESTA I FITJAR

Samarbeidet som er mellom biblioteket og skulane er opparbeida gjennom fleire års praksis. Fitjar har vore med i fleire lesestimuleringsprosjekt der det også var fokus på å utvikle skulebiblioteka.

Biblioteket tilbyr skulane:

- Bokkassar. Klassane kan bestille bøker tilpassa alder og vanskegrad. Biblioteket plukkar ut og lagar til kassar. Skulane kan ha kassane 2-3 månadar. Dette skuleåret er det laga til 33 kassar. Kvar kasse inneheld ca. 40 bøker.
- Biblioteket lagar til forfattarbesøk (DKS-midlar) for 1.klasse, 4.klasse, 7.klasse og 10.klasse. Nokon år når biblioteket har prosjektpengar er det også andre klassar som får besøk.
- Biblioteket tek imot klassebesøk etter avtale (eller spontant).
- Biblioteket arrangerer to lesekampanjar i året. Lesknappen er for 2.klasse. Biblioteket har også arrangert sommarles. Dei siste åra har dette vore ein digital lesekampanje. Biblioteket har fått kome i klassane og reklamert for lesekampanjen før den startar 1.juni. Skulen har også hjelpt til med å spreie informasjon til heimane ved å dele ut ranselpost. Fitjar har hatt god deltaking på sommarles (rundt 60%) og det er mykje takka vere skulane som hjelper å spreie informasjon og oppmodar foreldre til å la barna deira vere med på lesekampanjen.
- Elevane får lånekort i 1. klasse når dei vitjar biblioteket.

Skulane gjer tilbakemelding om at dette samarbeidet fungerer bra, og skulane er nøgde med tilbodet.

Skulebiblioteket ved Rimbareid har eit forholdsvis lite lokale (60 m<sup>2</sup>). Elevane har tilgang saman med vaksne 30 t/v. Nokre barneskuleklassar har eigne lånetimar i veka medan ungdomsskulen låner etter trong. Stort sett har dei fleste klassane stillelesingsbøker i klasseromma sine og skiftar desse ved trong for det.

Sommaren 2022 var det 218 barn i Fitjar som deltok på Sommarles kampanjen. Det utgjør 76% oppslutnad i Fitjar kommune.

Øvrebygda skule har eit nyoppussa bibliotek med ei boksamling som elevane lånar bøker frå til å lesa i klassen og heime. I tillegg hentar dei bøker når dei har om spesielle tema. Skulen har fokus på lesing, og klassane får opp eigen bokkassar frå biblioteket med tilpassa bøker for 1. - 2.kl., 3. - 4.kl. og 5. - 7.kl. Dei er også på bibliotekbesøk i 2.kl..

Elevane vert inviterte på forfattarbesøk i Falturiltu-festivalen på HVL. Då har dert vore ulike klassesteg som har fått tilbodet.

Skulebiblioteket ved Selevik skule har eit lokale på 20 m<sup>2</sup>. Me har eit godt utval bøker - totalt 1553 bøker: der 1105 er skjønnlitteratur, og 445 er faglitteratur. Biblioteket er alltid ope, og klassane har



fast lånetid ein gong i veka. Skulen låner òg bøker frå bokbåten Epos to gongar i året. Elles nyttar ein folkebiblioteket ved behov, og er med på biblioteket sine leseprosjekt. Før eige leseprosjekt plar bibliotekar Silje koma til skulen med nokre kassar med bøker som ein får låna. Ho viser/les ein del av bøkene – i kvar klasse. Dette opplevast som veldig kjekt for elevane og dei blir kjende med ho.



Flinke bibliotekassistentar legg til rette for gode lesestunder.

## 6 GRUNNSKULEN I FITJAR

Alle grunnskuleelevar i Fitjar går i den offentlege skulen. Det er 3 grunnskular i Fitjar, Rimbareid, Selevik og Øvrebygda.

### 6.1 SKULESTRUKTUR

Kommunen har to fådelt skular og ein fulldelt 1.-10.skule.

Skulestruktur				
Skule	Elevtal	Trinn	Klassetal	Type skule
Rimbareid skule	346	1 – 10	18	Fulldelt
Selevik skule	20	1 – 7	3	Fådelt barneskule
Øvrebygda skule	51	1 – 7	4	Fådelt barneskule

### 6.2 ELEV TAL OG KLASSETAL SKULEÅRET 2022/2023

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum	Klassar	Elevtal 22-23
Rimbareid	25	38	29	27	33	33	34	42	37	48	345	18	346
Selevik	3	1	2	2	2	7	3				20	3	20
Øvrebygda	6	7	6	6	6	8	12				51	4	51
Sum	34	46	37	35	41	48	49	42	37	48	416	25	417

Tabellen ovanfor er for skuleåret 2022/2023. Det er totalt 417 elevar i grunnskulen i Fitjar.

### 6.3 MILJØRET TA HELSEVERN I SKULE

Alle grunnskulane er godkjenningsspliktige etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler». Formålet med forskrifta er at verksemdene skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje sjukdom og skade. Når det ligg føre ein plan for etablering, utviding eller endring av verksemda, skal skulen leggje fram ein søknad om godkjenning for den som har godkjenningssmynde etter forskrifta. Det kommunale tilsynsorganet skal vere uavhengig, og ha naudsynt mynde og fagleg kompetanse. Det skal liggje føre ein plan for regelmessig tilsyn. Tilsyn vart gjennomført hausten 2021. Per januar 2023 er alle skulane i Fitjar godkjende.

Dersom det ligg føre forhold ved ein skule som kan ha negativ innverknad på helse, er skulen sin leiar ansvarleg for at både tilsynssmynde, tilsette, føresette og elevar blir informert. Tilsynssmynde kan bidra med råd og rettleiing. Skulane bør ha rutine for å informera føresette om høve til å klaga på forhold i skulen som kan virka negativt på helse og trivsel.

## 6.4 UNIVERSELL UTFORMING

Alle nybygg, tilbygg og ombyggingsprosjekt etter 2009 vil tilfredsstilla krava til universell utforming. Rimbareid skule tilfredsstille desse krava. Selevik skule og Øvrebygda skule har ikkje universell utforming i alle bygg.

Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan «Norge universelt utformet 2025». Her skriv regjeringa at kommunane bør ha ein eigen plan for korleis ein kan sikra at både nye og gamle offentlege bygg/skular er universelt utforma etter dei siste krava. Alle ombyggingar har som mål å sikra betre tilgjenge for alle.

## 7 ØKONOMI

Under følg ei oversikt over kostandar med sjølve skuledrifta – innhaldet i skulen.

### 7.1 KOSTNADAR KLASSAR / ELEVAR

Skuleåret 2022/2023					
Skule	Elevtal	Totalbudsjett (tal i tusen kronar)	Klassetal	Kostnad pr. elev (tal i tusen kronar)	Kostnad pr. klasse (tal i tusen kronar)
Rimbareid	346	38 422	18	111	2 134
Selevik	20	4 954	3	247	1 651
Øvrebygda	51	6 925	4	135	1 731

Kostnadane blir høgare pr klasse ved Rimbareid skule grunna omsyn til lærarnorma, spesialundervisning 5,4 mill., rådgjevarressurs, deling i språkfaga m.m. Adminstrasjonsressursen ved Rimbareid skule har ein mindre kostnad pr. klasse og elev samanlikna med dei andre skulane. Selevik skule har også ein stor faktor i høve spesialundervisning som gir utslag for kostnad pr elev og pr klasse.

Tilsvarande tal frå førre skulebruksplan i 2019					
Skule	Elevtal	Totalbudsjett (tal i tusen kronar)	Klassetal	Kostnad pr. elev (tal i tusen kronar)	Kostnad pr. klasse (tal i tusen kronar)
Rimbareid	376	36 772	18	97	2 042
Selevik	24	4 355	3	181	1 451
Øvrebygda	50	6 343	4	126	1 585

## 7.2 INVESTERINGAR - I ÅRA SOM KJEM

Skule	Behov for investeringar	Sum
<b>Rimbareid</b>	Renovering Gymsal 2023 1. mill., 2024 10 mill. (Kostnad høgare no) Ventilasjonsanlegg 2022/23	11 000 000 1 200 000
<b>Øvrebygda</b>	Ventilasjonsanlegg administrasjon, større plass arbeidsrom lærarar + møterom. 1,5 mill. Utsifting av vindauga 39 bygget etc. kr 300 000 (Øvrebygda arena kan vera aktuelt å spela inn att i planperioden)	1 500 000 300 000 600 000
<b>Selevik skule</b>	Utvida parkeringsplassen ved skulen kr 1 mill. Ynskje frå FAU om oppgradering av uteområdet	1 000 000 300 000
<b>Alle</b>	Inventar for alle skulane. Kr 150 000 i 2023. Deretter annakvart år. Investering IKT. Samla for alle skulane kvart år.	150 000 600 000
<b>Totalt</b>		<b>16 650 000</b>

## 7.3 INVESTERING – EVENTUELL UTBYGGING AV RIMBAREID SKULE DERSOM OVERFØRING AV ELEVAR FRÅ GRENDASKULANE.

### 7.3.1 Alternativ 1

M2 pris 31.000 (Kostnad er framlagt av lokal entreprenør)

2 klasserom a 70m2	2 garderobar a 20m2	2 grupperom a 15m2
Trafikkareal 40m2	Totalt areal 250m2	
Dvs. byggekostnad kr. 7.750.000,-	Arkitekt/konsulent honorar, antar kr 600.000,-	Inventar/utstyr 4% av byggekostnad 310.000,-
Adm/renter 5% 387.500,-	Uforutsett/reserve 15% 1.162.500,-	<b>Totalsum kr. 10.210.000,-</b>

Rentesats 4,33 % (rentesats ut frå binding av rente i 10 år framover)

Avskrivning over 40 år

Kostnad pr år kr 697.343,- . Etter 10 år er kostnaden kr 586.819,-

### 7.3.2 Alternativ 2

Med ei dobbel så stor utbygging kostnadsrekna til 20.420.000,-

Kostnad pr år: 1.394.686,-. Etter 10 år er kostnaden kr 1.173.638,-

## 7.4 BASSENG

Kommunen har i dag tilbod om skulebading/symjeundervisning ved Rimbareid skule. Selevik og Øvrebygda skule nyttar også dette bassenget til symjeopplæringa. Enkelte barnehagar nyttar seg også av dette anlegget.

Det vil i framtida vera nødvendig med rehabilitering av bassenget. Det kan vera skjulte kostnader knytt til rehabilitering, og anlegget vil ha kortare levetid enn ved nybygg.

## 8 PROGNOSE FOR GRUNNSKULANE I FITJAR KOMMUNE


Framskriven elevtalsutvikling datert 10.02.2023. Det er lagt inn ein auke i elevtalet (tilflytting) med 5 elevar pr år f.o.m. 2023 t.o.m. 2028

Utviklinga er ikkje lagt inn i skuletabellane grunna uvisse om kvar auken vil bli.

	2023	2024	2025	2026	2027	2028
<b>6-15 år</b>	421	412	407	400	376	378

Tal under er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Samla elevtalsprognose for åra som kjem basert på tal pr. 01.07.22.



## 9 SKULESTRUKTUR I PLANPERIODEN

Demografi og kommuneøkonomi vil vera dei sterkaste drivkreftene for endring i kommunale tenester framover.

Befolkningsutviklinga- og samansetninga har ikkje blitt så positiv som skissert i den forrige skulebruksplanen. Talet på barn og unge går nedover og fødselstala svingar, og er på eit lågare nivå enn forventa. Store kull går ut av skulen, og mindre kull kjem inn. Med dette som utgangspunkt er det nødvendig å sjå på elevtalsutviklinga ved dei ulike skulane. Korleis møta denne utfordringa med tanke på skulestruktur, kvalitet og økonomiske prioriteringar i økonomiplanen for dei komande åra.

*«Det er behov for å gjera strukturelle vurderingar kring skular- og barnehagar. Ein vil også måtte sjå dette i samanheng med kommunen sitt busettingsmønster og den samla areal- og transportplanlegginga.»*

Kommuneplanen sin samfunnsdel s. 13.

Med dette som bakgrunn vert det presentert framlegg til ulike endringar i skulestrukturen i Fitjar kommune. Rekkefølga er ikkje grunnlag for prioriteringar.

### 9.1 NEDLEGGING AV ØVREBYGDA SKULE – OVERFLYTTING TIL RIMBAREID SKULE

Oversyn totalt tal elevar

	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
Trinn	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	42	2	23	1	27	1	34	2	17	1	36	1
2.trinn	31	2	42	2	23	1	27	1	34	2	17	2
3.trinn	45	2	31	2	42	2	23	1	27	1	34	1
4.trinn	35	2	45	2	31	2	42	2	23	1	27	1
5.trinn	33	2	35	2	45	2	31	2	42	2	23	2
6.trinn	39	2	33	2	35	2	45	2	31	2	42	2
7.trinn	41	2	39	2	33	2	35	2	45	2	31	2
8.trinn	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2	46	2
9.trinn	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2
10.trinn	37	2	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2
<b>Totalt</b>	<b>394</b>	<b>20</b>	<b>387</b>	<b>19</b>	<b>374</b>	<b>18</b>	<b>361</b>	<b>18</b>	<b>332</b>	<b>17</b>	<b>328</b>	<b>17</b>

Omtale	Forklaring tal	Sum
<b>Samla kostnad Øvrebygda</b>	Skuledrift + Bygg	7 630 000
<b>Kostnad spesialundervisning</b>	Overført Rimbareid	-240 000
<b>Auka kostnader skyss</b>	40 elevar * 40 * 190 skuledagar (Redusert badeskyss)	-304 000 45 000
<b>Halda skulebygget i Øvrebygda i hevd</b>	Straum, forsikring renovasjon	-300 000
<b>Kostnad deling av 2 klassar</b>	2,1 stilling a kr 763300	-1 602 900
<b>Avtalefesta ressurs 13,4 t + 14 delingstimar. Samla 27,4 t</b>	Overført Rimbareid	-801 400
<b>Tilsvarar 1,05 stilling</b>		
<b>Læremiddel /innbu utstyr</b>	Driftskostnader overført Rimbareid	-340 000
<b>Lærarnorma</b>	Behov for 50 % stilling	-381 600
<b>Auka SFO kostnader Rimbareid</b>	Usikkert kor stort behovet blir	-150 000
<b>Statleg rammetilskot grendaskular</b>		-500 000
<b>Kostnad utbygging av Rimbareid skule</b>	Alternativ 1	-700 000
<b>Samla innsparing</b>		2 355 100

**Tiltaket vil kunna gje ei innsparing på om lag 2,3 mill. årleg.**

Ved eventuell overføring av bygget til grendalaget vil det kunna vera aktuelt å sanera 39 bygget. Kalkyle for ei sanering vart utarbeida 15. oktober 2021 av konsulentfirmaet Omega og kostnadsrekna til kr 403 800,-. Ein vil også kunna dra fram planskissa for Øvrebygda arena. Kostnadsrekna som ei investering på om lag kr 600 000.

Konsekvensar for tildelte tippemidlar til (grendahUSDelen)

1998 – Tildelt tippemidlar til garderobar kr 519.000,- med årleg avskrivning over 10 år.

Denne tildelinga gjev ingen konsekvensar for kva som skjer vidare

1998 - Tildelt tippemidlar til grendahUSDelen (ordinært anlegg) kr 1.000.000,-.

Dei første 10 åra er det ingen avskrivning. Deretter årleg avskrivning med kr 50.000,- pr år.

Avskrivninga vil vera ferdig i 2028. Dersom avviking i dag ville kommunen måtta betala tilbake kr 300.000,-.

## 9.2 NEDLEGGING AV SELEVIK SKULE

### 9.2.1 Overflytting til Rimbareid skule

	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
Trinn	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	43	2	20	1	25	1	29	2	17	1	31	2
2.trinn	28	2	43	2	20	1	25	1	29	2	17	1
3.trinn	39	2	28	2	43	2	20	1	25	1	29	2
4.trinn	31	2	39	2	28	2	43	2	20	1	25	1
5.trinn	29	2	31	2	39	2	28	2	43	2	20	2
6.trinn	35	2	29	2	31	2	39	2	28	2	43	2
7.trinn	40	2	35	2	29	2	31	2	39	2	28	2
8.trinn	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2	46	2
9.trinn	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2
10.trinn	37	2	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2
<b>Totalt</b>	<b>373</b>	<b>20</b>	<b>364</b>	<b>19</b>	<b>353</b>	<b>18</b>	<b>339</b>	<b>18</b>	<b>314</b>	<b>17</b>	<b>311</b>	<b>18</b>

Omtale	Forklaring tal	Sum
<b>Samla kostnad Selevik</b>	Skuledrift + Bygg	5 245 300
<b>Kostnad spesialundervisning</b>	Overført Rimbareid	-1 000 000
<b>Auka kostnadar skyss</b>	20 elevar * 40 * 190 skuledagar	-152 000
	Redusert badeskyss	45 000
<b>Halda skulebygget i Selevik i hevd</b>	Straum, forsikring renovasjon	-200 000
<b>Kostnad deling av 2 klassar</b>	2,1 stilling a 763.300,-	-1602 900
<b>Avtalefesta ressurs 2,2 t + 5 delingstimar. Samla 7,2 t. Tilsvarar 27 % stilling</b>	Overført Rimbareid	-206 000
<b>Læremiddel /innbu utstyr</b>	Driftskostnadar overført Rimbareid	-200 000
<b>Lærarnorm</b>	Behov for 25 % stilling	-190 800
<b>Statleg rammetilskot grendaskulane</b>		-500 000
	<b>Samla innsparing</b>	<b>1 238 600</b>

Tiltaket vil kunna gje ei årleg innsparing på om lag 1,2 millionar. Frå 2026/2027 vil innsparinga kunna bli om lag 2 millionar (berre 1 klassedeling)

Det er då ikkje lagt inn noko auka økonomiske rammer for SFO ordninga ved Rimbareid skule.



### 9.3 NEDLEGGING AV SELEVIK SKULE OG ØVREBYGDA SKULE

#### 9.3.1 Overflytting til Rimbareid skule

	2023-2024		2024-2025		2025-2026		2026-2027		2027-2028		2028-2029	
Trinn	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K	Elevtal	K
1.trinn	47	2	23	1	32	2	37	2	19	1	38	1
2.trinn	34	2	47	2	23	1	32	2	37	2	19	2
3.trinn	46	2	34	2	47	2	23	1	32	2	37	2
4.trinn	37	2	46	2	34	2	47	2	23	1	32	1
5.trinn	35	2	37	2	46	2	34	2	47	2	23	2
6.trinn	41	2	35	2	37	2	46	2	34	2	47	2
7.trinn	48	2	41	2	35	2	37	2	46	2	34	2
8.trinn	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2	46	2
9.trinn	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2	37	2
10.trinn	37	2	42	2	49	2	48	2	41	2	35	2
<b>Totalt</b>	416	20	402	19	392	19	380	19	351	18	348	18
<b>Med auke</b>	<b>421</b>		<b>412</b>		<b>407</b>		<b>400</b>		<b>376</b>		<b>378</b>	

Omtale	Forklaring tal	Sum
<b>Samla kostnad Selevik og Øvrebygda</b>	Skuledrift + Bygg	12 875 300
<b>Kostnad spesialundervisning</b>	Overført Rimbareid	-1 240 000
<b>Auka kostnadar skyss</b>	60 elevar * 40 * 190 skuledagar	-456 000
<b>Halda skulebygget i Selevik og Øvrebygda i hevd</b>	Straum, forsikring renovasjon	-500 000
<b>Kostnad deling av 2 klassar</b>	2,1 stillingar a kr 763300	-1 602 900
<b>Avtalefesta ressurs 15,6 t + 19 delingstimar. Samla 34,6 t. Tilsvarar 1,33 % stilling</b>	Overført Rimbareid	-1 007 400
<b>Læremiddel /innbu utstyr</b>	Driftskostnadar overført Rimbareid	-540 000
<b>Lærarnorm</b>	Behov for 75 % stilling	-572 400
<b>Auka SFO kostnadar Rimbareid</b>	Usikkert kor stort behovet blir	-150 000
<b>Statleg rammetilskot 2 grendaskular</b>		-1 000 000
<b>Utbygging av Rimbareid skule</b>	Alternativ 1	-700 000
	<b>Samla innsparing</b>	<b>5 106 600</b>

Tiltaket vil kunna gje ei årleg innsparing på 5,1 mill.

Dersom overføring av alle elevane i byrjinga av planperioden vil det vera behov for ei utbygging (Alt. 1 eller 2). Ein må vurdera behovet for denne utbygginga. Sidan elevtala stadig går nedover vil behovet for ei større utbygging bli redusert mot slutten av planperioden. I høve kroppsøving må ein vurdera om ein må nytta uteområda meir.

### 9.3.2 Areal tilgjengeleg ved Rimbareid skule hausten 2022

Klasse	Areal klasserom	Grupperom	Samla areal	Tal elevar 22 – 23 Rimbareid	Areal pr. elev med 2 tilsette	Tal elevar Alle til Rimbareid 24/25	Areal pr. elev med 2 tilsette
1A	77 m2	1 rom 20 m2 + 1 rom 14,9 m2	111,9	25	3,9	23	4,1
1B	64,9 m2	Nei	64,9	0	0		0
2A	65,2 m2	1 rom 7 m2	72,2	19	3,1	23	2,6
2B	69,5 m2	1 rom 14,1 m2	83,6	18	3,9	24	3,1
3A	65,6 m2	1 rom 8,1 m2	73,7	15	4,1	17	3,6
3B	60,2 m2	1 rom 14,1 m2	74,3	14	3,9	17	3,6
4A	83,5 m2	1 rom 14,2 m2 + 1 rom 14,2 m2	111,9	27	4,1	46	??
5A	60 m2	1 rom 11 m2	71	17	3,4	19	3,1
5B	50 m2	1 rom 11 m2	61	16	3,2	18	2,7
6A	60 m2	1 rom 11 m2	71	15	3,9	18	3,2
6B	50 m2	1 rom 11 m2	61	18	2,7	17	2,8
7A	69,8 m2	1 rom 7,1 m2 + eit felles med B 14,5	83,9	16	4,4	20	3,5
7B	69,9 m2	1 rom 7,1 m2	77	18	3,6	21	3,2
8A	73,7 m2	1 rom 7,7 m2 + 1 rom 6 m2	87,4	22	3,4	24	3,1
8B	69,6 m2	1 rom 7 m2 + 1 rom 7 m2	83,6	20	3,5	24	2,9
9A	69 m2	1 rom 6,1 m2	75,1	19	3,3	24	2,6
9B	69 m2	1 rom 11,7 m2	80,7	18	3,8	25	2,7
10A	64,4	1 rom 8 m2	72,4	24	2,5	21	2,8
10B	64,4	1 rom 7,7 m2	72,1	24	2,5	21	2,8

NB! Tala pr. klasse er lagt inn etter prinsippet totalt elevtal Areal pr. elev er rekna ut frå samla areal – 12 (to tilsette) : tal elevar.

I ein overgangsfase før elevtalet går ytterlegare ned vil det vera behov for 2 eller 4 klasserom, med garderobe og grupperom. Behov for talet på nye lærararbeidsplassar har mange variablar.

Deltidsstillingar – kompetanse for kvalitet etc. Truleg vil det vera behov for 3 – 5 nye lærararbeidsplassar.

[Link til arealnorm for skulebygg:](#)

<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/miljorettet-helseverns-temaside/helsevern-i-skole/krav-og-anbefalinger-til-nyere-skoler>

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> per elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> per elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> per elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnomen. Areal for tilsette vert rekna til 6 m<sup>2</sup>

**Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

## 9.4 SAKSHANDSAMING – NEDLEGGING AV SKULE

Viser til [UDIR-2-2012](#) - ved eventuell nedlegging av ein skule er det følgjande sakshandsaming som gjeld:

### **3 Saksbehandlingen i kommuner som ikke har gitt forskrifter om skolekretsgrenser**

Det er et ulovfestet forvaltningsrettslig prinsipp at forvaltningen skal treffe vedtak etter at saken har vært behandlet på forsvarlig måte. Forsvarlig saksbehandling krever at en sak er tilstrekkelig opplyst før det blir gjort vedtak.

Siden avgjørelsen om å legge ned en skole ikke er et enkeltvedtak, kommer ikke reglene i forvaltningslovens kap. IV (om saksforberedelse ved enkeltvedtak), V (om vedtaket) og VI (om klage og omgjøring) direkte til anvendelse. Det er likevel et generelt forvaltningsrettslig prinsipp at en sak skal være forsvarlig klarlagt før avgjørelse blir tatt. I en sak om skolenedleggelse betyr dette at kommunestyret skal ha rimelig kjennskap til synspunktene til de som berøres av nedleggelsen før et vedtak treffes.

Spørsmål om skolestruktur og eventuelle kretsgrenser for skoler vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. Skolens samarbeidsutvalg, alternativt foreldrerådet, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse

- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres

Øvrig avtale- og lovverk om medbestemmelse avtalt mellom partene forutsettes fulgt opp. Hvis endring av skolestruktur medfører endringer i skysbehov, bør også fylkeskommunen få anledning til å uttale seg i saken.

Det finnes ikke lov- og forskriftsbestemte regler for hvor lang fristen for å uttale seg skal være i saker om skolestruktur. Den enkelte som skal uttale seg må imidlertid få tilstrekkelig tid til å forberede sin uttalelse. Justis- og beredskapsdepartementet har utarbeidet retningslinjer for forskriftsarbeid i kommunene. [Retningslinjene er av 30. januar 2002 og ligger på Justis- og beredskapsdepartementets nettside.](#) Kommunene anbefales her å benytte to måneders høringsfrist. Utdanningsdirektoratet anbefaler at det sees hen til disse retningslinjene også når lokale forslag om endring av skolestruktur skal utarbeides.

Allmennhetens innsyn i offentlige dokumenter er viktige forutsetninger for at en sak skal bli tilstrekkelig opplyst. Innsyn legger til rette for samfunnsdebatt om saker som er viktige for innbyggerne. Retten til innsyn virker også kontrollerende på forvaltningen og bidrar til å sikre tilliten til uhildede avgjørelser. Det følger av offentlighetsloven § 3 at kommunens saksdokumenter er åpne for innsyn. Et eventuelt unntak fra retten til innsyn må kunne hjemles etter særskilte unntaksregler i lov. Innsynsretten gjelder for alle, altså ikke bare dem som kunne ha vært regnet som parter eller andre som skal uttale seg.

I praksis vil det seia at framlegg til nedlegging av ein skule ikkje kan koma i samband med arbeidet med budsjett i perioden oktober – desember. Eit framlegg må handsamast politisk på eit tidlegare tidspunkt slik at saka blir tilstrekkeleg opplyst. Det er i retningslinjene frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 30.01.2002 anbefalt å leggja til rettes for to månadars høringsfrist i ei slik sak. Samfunnsdebatten i slike saker er stor og det er viktig å få fram alle sider av saka. Barnets beste er også viktige omsyn å vurdere i ei slik sak.

## 10 VEDLEGG TIL PLANEN

---

Vedlegg 1 - Udir – 2 – 20212

Vedlegg 2 - Multiconsult tilstandsrapport gymnastikksal Rimbareid skule 08.07.2019

Vedlegg 3 – Notat kalkyle Øvrebuda arena

Vedlegg 4 - Skisse utomhusplan Øvrebygda arena